

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr. 36. Tilleggslista til nr. 36.

Herad: Sjernerøy.

Emne: Måtar å refse folk på.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Såg dei at nokon, grannar eller andre, ikkje gjorde arbeidet etter gamal skikk, eller kunde bera seg onnorleis enn det hövde, kunde dei smila med seg sjölv, og til andre, gjerne med ein lur blink i auga. Og var der større skil, snakka dei um det, undra seg yver det og gjerne lo å det.

1. At dei slo figurar, ringar o.l. i graset, skar holme i åkeren eller sette halmskapnader upp, vart ikkje brukt heima det eg minnest.

2. Heller ikkje minnest eg noko um reising av pålar e. l. langsvegger eller ved dører for slike som var seint ute skirtorsdag, langfredag eller andre visse netter.

3. At ungdomen kunde finna på eit eller anna som skulde vera til moro, og attåt til forarging for folk på garden, hende nok av og til; um det serleg var i joli veit eg ikkje so visst, truleg kan det vera. Men båt på toka, eller kjerra veit eg eg ikkje um, heller ikkje noko rising på sengi jole-natti. Dei einaste eg minnest dei gjorde pretter med, var friarar, som dei kunde finna på spikk med, t.d. ro båten burt, dra han langtupp på land, ta nykla or, göyma burt årane og slikt.

B. För bruka dei meir enn no setja utnamn på folk. Sume tider kunde det vera for å skilja dei ut, um dei hadde likt namn, eller det var eit eller anna ved dei, t.d. deira måte å gå på, arbeida eller vera på elles som gjorde at folk hadde lett for å finna eit namn, stundom morsomt, andre tider meir sårande. Sume gonger kom det av visse ordelag dei jamt brukar talen sin, eller noko særeige ved livemåten. T.d. ein ein dei kalla "Kubikkfoten" fekk dette namn avdi han for kring og kjøpte store eiker eller annan trematerial og då ofte snakka um kubikkfot. Nokre som dreiv sjöen og hadde farty, med segl, og var mykje sparsame - dei var brørso dei bruka sirup på skiva, vart kalla "Sirupane."

4. Sers namn på dei som gjekk på vitjing l. joledag var der visst för, utan eg höyrde det i min barndom og ungdom.

5. Var der ein som ikkje fekk noko nytt klædesplagg til jol, sa dei at han eller ho laut "bera verahornet."

6. I seinare tid kan dei kalla slike som smyg seg undan i skatten "skattesnytarar". För var der truleg visse utnamn på slike som braut tradisjonelle skikkar, eller ikkje nådde det han vilde, utan at eg no minnest noko sers. Ein som för eg minnest, gjekk på legd og aldri vilde vera med i høyarbeidet - han la seg sjuk då, sa dei - fekk utnamnet "Høyvers-Mikkel." Elles kunde dei få namn etter arbeidet: Kristen minar, smeden o. l.